



LINDÅS KOMMUNE

Ostereidet ungdomsskule

Lindås kommune
Postmottak, Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2983 - 16/2387

Saksbehandlar:
Arne Johannes Riisnes
Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:
27.01.2016

Innspel til trafikksikring

Felles uttale frå SU, FAU, Elevrådet og Klubben på Ostereidet ungdomsskule.

Skulen med råd og utval vurderer vegstrekningane som er nemnde nedanfor som farlege og med potensiale for store ulykker.

Om ein set ein passas med sentrum i Ostereidet ungdomsskule og radius 4 km, vil det vere eit kjenneteikn ved mange av vegane i vårt lut av kommunen at dei er smale og svingete. Dei har ikkje sykkel eller gangveg og dei manglar i det vesentlege veglys.

Vi ber om at desse strekningane vert utbetra:

- Vegen frå Ostereidet senter til skulen - særleg v/ Lindstallen, men også resten av vegen frå skulen til senteret sikrast med lys, gang- og sykkelveg
- Bjørsvikvegen frå skulen til Bautaen - sikrast for lys, gang- /sykkelveg (Ein ser føre seg ein trase frå Bautaen gjennom skogen til skulen)
- Strandavegen: Strekinga Eiatre til skulen sikrast med lys, gang- og sykkelveg
- Fyllingsnes- / Eidsnes- / Eknesvegen: Strekinga Kuhaugane (Ytre Eide) - skulen sikrast med veglys, gang- og sykkelveg



- Det bør setjast opp veglys frå Eknes til ungdomshuset Idun på Eknes der ungdomssklubben Entry held til.

Skulen ser det slik at vegen frå Ostereidet senter til skulen er den desidert mest trafikkfårlege. Her er det behov for øyeblikkelege tiltak.

Ostereidet, 27.01.16

Med venleg helsing for råd, utval og klubb

Arne Riisnes, rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.